

NICK TOLLEFSEN
Stensberggata 27
0170 OSLO

Dato: 12.11.2025
Vår referanse: 2025/7486-5
Sakshandsamar: Kjell Christenson

Delegert vedtak
Kommunalsjef kultur, næring og fritid - nr. 273/25

101/2,8 - Svar på søknad om snøskuterløype til utmarksnæring

Vedtak

Nick Tollefsen driv med utmarksnæring på 101/2,8 og det kan difor gjevast løype til transport av materiell og utstyr i medhald av §5 bokstav a i Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag og kommunens Retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdselslova, vedteke i kommunestyret 16.12.2016.

Løypet gjeld for trasene som vist i kartet.

Løypet gjeld for intill to snøskuter i lag, grunna sikkerhet ved uhell.

Hyttene Sandvatn, Mannevatn og Årnotvatn ligg over 1040 moh og har derfor avgrensa tall turar. Løypet gjeld for to år frå 10.11.2025 og gjeld for seks turar per år – turane kan fordelast fritt over dei to åra. Det er anledning til å køyre opp slepe sama dagen eller dagen før, dersom det er naudsynt. Dette skal førast opp på eige skjema. Frå fyrste måndagen i mai til snøen er berande om hausten/vinteren er all køyring ulovleg.

Bakgrunn

Nick Tollefsen har søkt om løype til transport av materiell og utstyr for utmarksnæringa. Gjelder transport av materiell og utstyr til hytter på eigedomen 101/2 – Havradalen, der er 4 hytter og eit hus.

Vurdering:

Nick Tollefsen Skriv i søknaden at det er trong for løype til transport av materiell og utstyr til drift og vedlikehald av hus hytter på Havradalen. Eigedomen ligg innafor Hardangervidda villreinområde, men hyttene det der søkt om transport til ligg utanfor Hardangervidda nasjonalpark. Transporten vil gå føre i eit område og på ein tid av året som ikkje berører kjente naturelement som er særleg sårbare. Søknaden er derfor vurdert slik at skadeverknadene ikkje er større enn at dei kan forsvareast av nytten av transporten. Mykje transport inn til Havradalen har utgangspunkt parkering Prestegård og Bordalsvegen. For å samle transporten mest mogleg, gjeld dette løypet som vist i kartet. Løypet gjeld for intill to snøskuter i lag, grunna sikkerhet ved uhell.

Hyttene Sandvatn, Mannevatn og Årnotvatn ligg over 1040 moh og har derfor avgrensa tall turar. Løypet gjeld for to år frå 10.11.2025 og gjeld for seks turar per år – turane kan fordelast

fritt over dei to åra. Det er anledning til å køyre opp slepe sama dagen eller dagen før, dersom det er naudsynt. Dette skal førast opp på eige skjema

Eigedomen ligg innanfor Hardangervidda villreinområde, og det skal takast omsyn til villreinen. Villreinen er på det mest sårbare om våren og det er ein føresetnad at ferdsel ikkje skremmer villreinen i denne perioden. Søknaden er vurdert slik at skadeverknadene ikkje er større enn at dei kan forsvarast av nytten av transporten.

Dokument i saka

- Søknad m/vedlegg
- Kartutsnitt - Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova)
- Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag
- Retningsliner for handsaming av søknader etter motorferdselslova - vedteke i kommunestyret 15.12.2016, sak 2016/119

Med helsing

Kjell Christenson

konsulent

Kultur, næring og fritid

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Vedlegg

- | | |
|---|-------------------------|
| 1 | Løyve til utmarksnæring |
| 2 | Køyrebok |
| 3 | Køyrebok slepe |

Mottakarar:

NICK TOLLEFSEN

I tråd med formannskapsvedtak 04.09.2025, skal ein ved utskriving av løyve til motorferdsel i utmark fakturere løyvehavar kr 315,- for kostnadar knytt til utskriving av løyvet. Faktura blir ettersendt.

Informasjon om retten til å klage

Jf. forvaltningslova § 28, kan du klage på vedtaket. Klagefristen er tre veker rekna frå den dagen då brevet kom fram til mottakar. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut.

Klaga sender du skriftleg til Vinje kommune. Skriv kva for vedtak det klagast over, den eller dei endringane som er ynskjeleg og dei årsaker du vil gje for klaga. Dersom du klager så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, blir du beden om å gje opp dato då denne meldinga kom fram.